



Rullering handlingsprogram anlegg for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016 - 2019

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken av fylkestinget desember 2015. Planutvalet i fylkeskommunen har lagt opp til rullering av handlingsprogrammet for anlegg i 2017.

Vi inviterer med dette kommunane til å komme med innspel til rulleringa av handlingsprogrammet for anlegg innan

6.oktober 2017.

Vi minner om visjonen i planen: fysisk aktivitet for alle.

Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv finn du her:

<http://img4.custompublish.com/getfile.php/3035207.2344.xqbxbfwdu/Regional+plan+for+fysisk+aktivitet,+idrett+og+friluftsliv+2014-2017.pdf?return=www.sfj.no>

Rulleringa vil fokusere på anleggstypar der tildeling av spelemidlar skal styrast av den regionale planen.

Det er eit krav at anlegga som vert spelt inn til rullering i den regionale planen er omtalt i den kommunale planen for fysisk aktivitet, idrett og anlegg . Dersom ikkje anlegget er omtalt i kommunen sin plan, og det vert sendt inn søknad om spelemidlar 15.januar 2018, må kommunen gjennomføre ei rullering med politisk vedtak før fristen 15.januar 2018.

Tekstdelen i regional plan, med føringar for anleggsutvikling, vert ståande slik det ligg føre til planen ev. vert revidert seinare.

Anlegg som vert styrt av regional plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet:

Tildeling av spelemidlar til anlegg som er arealkrevjande, kostnadskevjangende og/eller kan vere ei miljø-messig belastning skal styrast etter prioriteringar i regional plan. Dette gjeld følgjande anleggstypar:

- Fleirbrukshallar inkludert spesialhallar og delanlegg.
- Alpinanlegg med høgdeskilnad på 100 meter eler meir.
- Golfanlegg.
- Motorsport-anlegg.
- Kunstgrasbaner lik eller større enn 60 x 100 meter.
- Nye utandørs skytebaner.
- Hoppanlegg større enn k – 40, inkludert plastlegging.
- Kunstisbaner.
- Rulleskibaner

Dette gjeld både nye anlegg og anlegg som skal rehabiliterast. Fylkeskommunen ynskjer å få innspel på følgjande på [vedlagde skjema](#):

<https://response.questback.com/isa/qbv.dll/ShowQuest?QuestID=4987465&sid=gn4D2ySMjA>

- oversikt over anlegg i handlingsprogrammet som ikkje vert realiserte i det heile.
- oversikt over anlegg som vert flytta utover i tid.
- oversikt over anlegg som ikkje vert søkt spelemidlar på i 2018 eller 2019 som står for tildeling i desse åra.
- oversikt over anlegg i dagens langtidsprogram som skal fjernast, første forventa søknadsår, fjerne anlegg som ligg med doble føringar.
- oversikt over nye anlegg i dei kommunale planane som har kome til etter at regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vart vedteken.
- oversikt og synleggjere behov i eit uprioritert langtidsprogram i perioden fram til 2023.

Fylkesdirektøren ser føre seg ein prosess der god informasjon og involvering av partnerskapen står sentralt, med ein forholdsvis lang periode for innspel.

Planutvalet sine dokument finn du her:

Arbeidsdokument 1/15 til planutvalet 20.06.17;

http://www.sjf.no/ato/esa62/document/framlegg-saknr5_2017-cat344489-mid103722_d6a37e4bb7.17063713d17063713.c9880e7450.pdf

Protokoll frå planutvalet 20.06.17;

http://www.sjf.no/ato/esa62/document/moeteprotokoll-moete-i-planutvalet-20-juni-2017-cat344489-mid103722_d6a37e4bb7.17075541d17075541.07c5677d0e.pdf

Frist for innspel er sett til 6.oktober 2017 til: postmottak.kultur@sfj.no

Sak om rulleringa av handlingsprogrammet i regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv vert lagt fram til politisk handsaming i hovudutvalet for næring og kultur 21.november, fylkesutvalet 22.november, og endeleg vedtak i fylkestinget 5.desember 2017.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør

Atle Skrede
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)

Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Postboks 54 6961 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Naustdal kommune Postboks 43 6806 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Solund kommune 6924 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN

Kopi til:

Sogn og Fjordane idrettskrins
Forum for natur og friluftsliv